

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Stigen
Dato:	27.09.2021 – 28.09.2021
Tidspunkt:	Kl 10:00 måndag – 15:00 tysdag

Velkommen til to-dagers styremøte på Stigen.

Program:

Måndag:

- 10.00 – Avreise frå Aurland eller Undredal
- 11.30 – 13.30 Innsjekk, omvisning og lunsj på Nedste Stigen
- 13.30 – 15.00 Tur til Fristølen
- 15.00 – 16.30 Kaffi og omvisning på Øvste Stigen
- 17.00 – Styremøte
- 18.00 – Badestamp
- 19.30 – Middag

Tysdag:

- 09.00 – Styremøte / Arbeid med forvaltningsplan
- 11.00 – Tur til Åsen og Beitelen
- 14.00 – Retur til båten og vidare til Aurland/Undredal.
- Ca 15.00 Tilbake i Aurland eller Undredal

Ta med:

- Badekle og handkle
- Lakenpose/sengkle
- Gode sko og klede etter været
- Sakspapir
- Drikkeflaske/termos til tur
- Eventuell mat/snacks og drikke utanom lunsj og middag første dag og frukost og lunsj/niste andre dag.

Det er berre solcellepanel på Stigen, og liten moglegheit for å lade elektriske duppedingsar.

Eventuelt forfall må meldast snarast.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 58/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 59/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 60/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker - Arbeid med forvaltningsplan		
ST 61/21	Delegerte saker		
DS 22/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - traktor - frakt av stein til stølshus		2021/12558
DS 23/21	Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
ST 62/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - redningsskøyte - høg fart Dyrdal - Stølsnes		2021/12487
ST 63/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - opprusting av sti Undredal - Stokko - Undredal grendelag		2021/13193

ST 58/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 59/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 60/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

ST 61/21 Delegerte saker

**DS 22/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjørmo
- motorferdsel - traktor - frakt av stein til stølshus**

**DS 23/21 Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden
landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete**



Arkivsaksnr: 2021/12487-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	62/21	27.09.2021

Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - redningsskøyte - høg fart Dyrdal - Stølsnes

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Redningsselskapet dispensasjon til treningskøyring med fart over 8 knop i fartsreduskjonsona i Nærøyfjorden mellom Skalmenes og Bleiklindi i peridoen frå 01.10.2021 til og med 31.12.2022. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for redningsskøyta stasjonert i Leikanger. Omfanget av køyringa med fart over 8 knop skal avgrensast til inntil 20 turar tur/retur i løyveperidoen.
- Treningskøyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for at mannskapet skal verta kjend med farvatnet i denne delen av Nærøyfjorden.
- Under køyring skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området. Køyringa skal gjennomførast slik at det gjev minst mogleg bølger som kan føra til skade på kulturminne og strandsona i verneområdet.
- Innan 30.01.2022 skal Redningsselskapet senda rapport om treningskøyringa til Nærøyfjorden verneområdestyre. Redningsselskapet skal observera bølgeverknadane på strandsona under trening, og notera observasjonar av dyr eller fuglar under treningsturane. Rapporten skal innhalda resultat frå observasjonane og erfaringar frå treningskøyringa.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Redningsselskapet, 02.09.2021
- Kart med fartsreduksjonssone


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Redningsskøyta har søkt Nærøfjorden landskapsvernområde om dispensasjon til å køyre med høgare fart enn tillat i Nærøfjorden, mellom Dyrdal og Stølsnes.



Figur 1 Ruta for øvingskøyring er teikna med raud strek, kopi frå søknad

Redningsselskapet har redningsskøyte stasjonert i Leikanger med ansvarsområde frå fjordane i Indre Sogn til området Lavik/Oppedal. Trening av mannskapet skjer i ansvarsområdet, og dei treng øve på hurtigbåtnavigering i området som er belagt med fartsrestriksjon 8 knop. Ved ei hending inst i Nærøfjorden, vil dei ha trøng for å kome fort fram. Området er trøngt med ein del farar/hindringar og dei må difor trene i realistisk fart. Redningsskøyta er 42 fot og har marsjfart på 35 knop.

I søknaden skriv dei at dei treng å få øva i full marsjfart gjennom området for å vera førebudd på utrykking og assistanse til båtar og personar som treng hjelp. Denne deler av fjorden er smal, og det er rekna som eit område med ureint farvatn med ei rekke grunner med stakar. Mannskapet bør difor trene på navigasjon og manøvrering for å kunne gjere dette sikkert under ei eventuell utrykking. Dei søker om inntil 20 turarar i ein 5 års periode. Det er som regel 4 personar om bord i båten, og det er difor trøng for fleire turar årleg for å få trene fleire ulike mannskap gjennom året. Det vert opplyst at det er aktuelt med øving i alle årstider, og særleg på haust og vintertid i mørke. Etter framlegg frå forvaltar, er søknadsperioden endra



frå 5 til 1 år. Etter eit års erfaring vil dei få erfaring med korleis øvinga bør gjennomførast, og kor mange turar det er bruk for årleg.

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».* Motorferdsel på land og vatn/vassdrag er forbode, men reglane er ikkje til hinder for motorferdsel på fjorden. *«Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot»* jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.2 b). Søknadar om dispensasjon frå fartsreduksjonen må behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».* I denne saka vurderer verneområdestyret søknaden etter fyrste alternativ, *«...ikke er i strid med vernevedtakets formål, og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig..».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Heile Nærøfjorden er ein del av Nærøfjorden landskapsvernområde. Fjorden er smal, og det er fleire stader med grunner som er markert med pålar. Det er fri ferdsel på fjorden, men på strekninga mellom Bleiklindi og Skalmenes er det fartsreduksjon på inntil 8 knop for båtar over 30 fot. Fartsreduksjonen er sett for å førebyggja erosjon langs strandlinja som har mange kulturminne og landbruksareal. Den oppmura postvegen mellom Styvi og Bleiklindi er eit av kulturminna som er utsett for bølgeerosjon. Verneområdestyret må vurdere om køyringa er i strid med verneføremålet eller kan gje skade på verneverdiane. Det må i tillegg vurderast om tiltaket er naudsynt, og om det kan gjennomførast utanfor verneområdet. Redningsselskapet har trong for å gjera seg kjent i fjordområdet der det er smalt og ureint farvatn, og der det er sannsynleg at det kan vera trong for redning og assistanse. Dette er både for å gjennomføra oppdrag på ein effektiv måte, og for å sikre eige hjelpemannskap.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan, skjøtselsplan for Styvi, rapport om bølgeerosjon i Nærøfjorden, og erfaringar med båtferdsel på fjorden. Artar som er registrert i området og som kan verta påverka av båtferdsel, er mellom anna fiskemåke (Naturbase 16.09.21), teist, kobbe og nise. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 om natur- og kulturverdiane i området er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.



Verneområdestyret skal vurdere den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet jf. nml. § 10. Det er stor turisttrafikk i Nærøfjorden, med unntak av dei to siste åra. Båttrafikken i turistnæringa var ein av hovudgrunnane til at regelen om fartsreduksjon vart tatt med i verneforskrifta for Nærøfjorden, og regelen gjeld båtar over 30 fot. Det er ein klar samanheng mellom fart, båttype og bølger. Bølgene kan og gje skade på fartøy som ligg ved kai, og naust langs farleia. I forskrift om fartsbegrensingar i sjø, elv og innsjø (§ 2) er det ein generell regel om å at fartøy skal avpasse farten slik at ikkje bølgeslag skadar farvatnet si strandlinje, kaier eller omgjevnadane elles.

Fartsreduksjonen har vore viktig for å redusere skadane bølgene har gitt på kulturminne langs strandlinja. Redningsskøyta sin aktivitet er viktig for å beredskapen på sjøen, og for assistanse ved eventuelle ulykker på fjorden. Det er likevel viktig å avgrensa aktiviteten til eit minimum for å unngå skade på strandlinja og kulturminne. Redningsselskapet opplyser at dei ikkje har erfaringar med treningskøyting i dette området, og vil få god erfaring med trongen for treningsturar etter fyrste året. Etter framlegg frå forvaltar, er redningsselskapet eining i at dei fyrst kan få dispensasjon til eit år med treningsturar for å vurdere kor mange turar dei treng, og til kva tider det er trong for treningsturar i Nærøfjorden. Forvaltar vurderer at eit år med inntil 20 treningsturar i eit prøveår ikkje vil gje auka belastning på økosystemet. Forvaltar meiner denne aktiviteten ikkje vil gje presedens for anna ferdsel på fjorden.

Treningsturane vil lite truleg føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

For å verta kjend med farvatnet i Nærøfjorden, og trene på høg fart i dette ureine farvatnet, er det naudsynt med øving i verneområdet. Redningsselskapet vil dette fyrste året med øving vurdere kor mange turar det er trong for. På turane vil dei observera korleis bølger frå redningsskøyta påverkar strandsona, og planlegge køyting slik at det vert minst mogleg skade. Erfaringar får eit år med øvingskøyting vil gje godt grunnlag for å vurdere ny søknad frå Redningsselskapet om fleirårig dispensasjon frå fartsreduksjon for gjennomføring av treningsturane. Forvaltar vurderer dette som ein miljøforsvarleg metode (jf. nml. § 12), og rår til å gje dispensasjon for eit år i fyrste omgang.

Konklusjon

Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter nml. §§ 8 – 12, meiner forvaltar treningsturane ikkje er i strid med verneformålet, og ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad. På denne bakgrunn tilrår forvaltar at det vert gjeve løyve til treningsturane med heimel i verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/13193-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 17.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	63/21	27.09.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - opprusting av sti Undredal - Stokko - Undredal grendelag

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Undredal grendelag løyve til å ruste opp stien mellom Undredal og Stokko. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 1.3, f) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Tiltaka skal avgrensast til det som er lista opp i tabell 1 i denne saka.
- Det skal gjennomførast midtvegssynfaring der det er naudsynt for å bli einige om omfang og plassering av enkelttiltak, som kommentert i tabell 1.
- Benken ved Dorganes skal vere ein enkel trebenk som er lite dominerande i landskapet.
- Undredal grendelag har ansvar for vedlikehald av sti og rasteplass.
- Det skal sendast rapport etter fullført tilrettelegging.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Saksopplysningar

Stien mellom Undredal og Stokko er ein relativt flat og lettgått sti langs fjorden. Dette gjer den godt eigna som eit lettare alternativ til mange av dei bratte turstiane i området. Samtidig er det nokon parti langs stien som kan vere litt krevjande å passere. Med litt enkel tilrettelegging vil stien kunne bli gjort tilgjengeleg for endå fleire enn i dag. Stien er i besøksstrategien valt ut som ein av dei som skal vere tilrettelagt for enkelt friluftsliv. Største delen av stien ligg inne i Nærøyfjorden landskapsvernområde.



Aurland Naturverkstad laga i 2006 ein rapport (Slåttelandskapet Stokko - Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv) som mellom anna peikar på enkle tilretteleggingstiltak på stien. I fleire omgangar siste åra har det kome ynskje om å forbedre nokre parti på stien for å gjere den endå meir farbar. Det har frå ulike hald blitt arrangert møte og synfaringar der ein har drøfta og sett på ulike utbetringstiltak langs løypa. Det er utført små, naudsynte utbetringar siste åra.

6. mars 2020 vart det gjennomført synfaring på stien, og Nærøfjorden verdsarvpark har i ettertid utarbeida eit prosjektdokument som skildrar ønska tiltak langs fjorden, og bistått Undredal grendelag med å søke om midlar til prosjektet. No er midlane på plass og Undredal grendelag søker verneområdestyret om løyve til å gjennomføre dei planlagde tiltaka langs stien. I søknaden er tiltaka i tabellen under lista opp. Sjå vedlegg for nærare skildring av prosjektet og tiltaka.

Tabell 1. Oversikt over tiltaka.

Skilting og framføring i bygda	Skilting og framføring i bygda og til Krossen. Kommentar: Skilting utanom verneområdet.
Tjørøbben	Legge stien nedom innmarka. Kommentar: Vi ynskjer rettleiing om stien skal ligge nedst på innmarka eller om ein kan påføre grus på urda nedanfor graskanten. Tiltaket kan vente til sommaren for avklaring. Tema på halvvegs synfaring.
Toskillingshola - Svaberg	Leie vatnet i enkle stikkveiter for å få vatnet vekk frå stien. Legge steinar på våte parti. Kommentar: Vurdert som kurant.
Over svaberget til Glitastein	Stien over svaberget sikrast ved å legge 10 meter stukk langs svaberget. Fylling av grus langs stukkane. Oppsetting av kjetting til å halde seg i. Fem stolpar til å henge eit 10 meters kjetting. Kommentar: Tiltaket er i tråd med konklusjonen på synfaringa. Kurant.
Glitasteinsurdi - Dorganes	I urda nær Dorganes vert det sett opp vardar for å markere stien. Kommentar: Kurant
Rasteplass ilandstigning Dorganes.	Enkel tilrettelegging med benk. Info om å ta med seg avfall. Enkel forbedring av ilandstigning frå båt. Kommentar: Tema på halvvegs synfaring.
Forbi Stavahalsen.	Laga steintrinn og oppsetjing av kjetting. Kommentar: Kurant
Før Beinsnes	Laga enkle stikkveiter på våte parti. Tilpassast slåttemarka. Kommentar: Kurant
Beinsnesgrovi.	Rydding av ras. Bru/klopp over grovi. Kommentar: Tema på halvvegs synfaring
Beinsnes – Stokko	Rydde og markere ein meir definert trace. Kommentar: Kurant.



Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Reglane er likevel ikkje til hinder for vedlikehald av bruer, klopper, vegar og stiar. Dette tiltaket blir vurdert til å vere meir enn vanleg vedlikehald.

Forvaltningsstyresmakta kan etter § 3, punkt 1.3 f) gi løyve til oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper. Dei fleste tiltaka fell inn under dette punktet, men oppføring av benk er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må derfor vurderast etter naturmangfaldlova § 48, fyrste ledd, fyrste alternativ; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det er positivt for besøkande at stien til Stokko blir betre tilrettelagt. Betre tilrettelegging vil gjere til at fleire får oppleve eit viktig kulturlandskap med fleire flotte kulturminne.

Kunnskapen om området er god, då det har vore mange synfaringar i området knytt til både stien og skjøtsel av kulturlandskapet. Det er også utarbeida skjøtelsplan og rapportar om slåttemarkene og om bloddråpesvermarane som lever her. Stien går gjennom fleire viktige slåttemarkar og ei lauveng. Fleire av desse er regionalt og nasjonalt viktige, spesielt fordi dei er habitat til den trua sommarfuglen stor bloddråpesvermer, som berre finnes eit fåtal plassar i landet. Tiltaka som blir søkt om på stien er ikkje veldig store. Fleire går på sikring over svaberg, rydding av betre sti gjennom ur, enkle steintrinn og stikkveiter for å leie vatn vekk frå stien. Dette vil ikkje påverke slåttemarkene eller sommarfuglane som lever der. Ved Tjørøbben skal stien flyttast nedom innmarka, noko som sannsynlegvis vil vere positivt for habitatet til bloddråpesvermarane. Ein kan tenke seg at auka ferdsel vil kunne forstyrre sommarfuglane, men samtidig er det positivt med ein meir markert og tydeleg sti som er lett å gå, sidan det då er større sjanse for at folk held seg på stien. Forvaltar har heller ikkje inntrykk av at sommarfuglen er spesielt sky, og auka ferdsel i den storleiken det er tale om her er ikkje forventa å skremme den vekk frå leveområdet. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.



Det er allereie mange som brukar stien mellom Undredal og Stokko. Meir bruk er ikkje venta å auke belastninga på området vesentleg (jf. nml. § 10), då det samtidig blir lagt betre til rette med meir markert sti, informasjon og rasteplass. Styring av ferdselen på stien vil vere positivt ved at det kan bli mindre trakk og nye stiar gjennom kulturlandskapet med urterike slåtteeuger. Det er allereie utedo og tilrettelagt teltplass på Stokko. Området er valt ut som eit område som kan tilretteleggast for enkelt friluftsliv, og det at ein gjev løyve til utbetring av stien her treng ikkje å bety at ein må gje løyve til tilsvarande tiltak i meir sårbare område av landskapsvernområdet. Tiltaka og arbeidsmetodane som er valt er vurdert å vere miljøforvarslege jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Tilrettelegging av ein enkel rasteplass med benk ved Dorganes må vurderast etter nml. § 48, då oppsetting av benkar ikkje er nemnt i verneforskrifta. Benken er eit tiltak som vil komme allmenta til gode, og som er plassert langs ein sti som skal vere tilrettelagt for enkelt friluftsliv. Den vil gjere det meir attraktivt å bruke stien, spesielt for barnefamiliar og folk som er dårleg til beins eller i dårleg form, og som anten treng ein pause undervegs eller synes det er for langt å gå heilt til Stokko. Benken vil kunne vere med å redusere belastninga på naturen langs resten av stien, ved at rasting blir konsentrert her. Det er viktig at det blir valt ein enkel utforming av benken, som er lite dominerande. Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og ikkje føre til skade på verneverdiane, og det kan dermed gjevast løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Konklusjon

Med dei vurderingane som er lagt til grunn i denne saka, meiner forvaltar at betre tilrettelegging av stien til Stokko, men dei tiltaka som er lista opp i tabell 1 og nærare omtalt i vedlegget til saka, vil vere positivt for opplevinga av verneområdet, utan å påføre nemneverdig skade på natur eller landskap.